

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 09.12.14 kl.19.00-22.00

Til stades : Dan Danielsen, Sigmund Eiken, Kaia Gulbrandsen, Sonja Irene Skarde, Arne Bergstø, Knut Haugen, Hanne Elisabeth Hesthamar, Marta Bergstø.

Sak 1. Godkjenning og referat frå sist styremøte 11.11.14. Ingen merknader.

Sak 2. Opplæring på hjartestartar.

Dan Danielsen har snakka med Kommunelege 1. Ho er villig til å halda kurs for alle som er interesserte. Det er viktig å nå alle lag og organisasjonar som brukar gymsalen.

Dan jobbar vidare med saken i samarbeid med Pensjonistleget.

Sak 3. Basar og juletefest.

I år er det Rode Samland - Trå - Bakke med fleire som har ansvar for Juletefestren 2.juledag.

Basaren 5.juledag er under planlegging og startar måndag 27.desember kl.18.00 (sjå plakat).

Det vert loddsal på boka på butikken laurdag 20. og 27.desember.

Boka vert liggande der i tida fram mot basaren så folk kan ta lodd når det høver dei best.

Sak 4. Gjennomgang av utleigeprisar.

Me har gjennomgått og revidert utleigeprisane for kjøkenet, møterommet oppe og gymsalen. Me vil frå 01.01.15 differensiera faste brukarar og andre. Det vil verta hengt opp ny liste på plakattavla på butikken og i vestibylen i Herand Kulturhus. Den nye lista vert og kunngjeve på www.herand.no.

Sak 5. Aktivitetskalendar for 2015.

Før me på neste styremøte 20.01.15, set opp ein årsplan, vil me kalla inn representantar for lag og organisasjonar til eit møte på kjøkenet tysdag 13.januar kl.19.00. Andre interesserte er og velkomne!!! Me set pris på kreative innspel frå bygdefolk. Fint å få ei samla oversikt over planlagde basarar og andre tilskipingar i det nye året. Me kallar det rundbordskonferanse.

6. Eventuelt.

Gåvebrevsutdeling: Herand Bygdelag har fått tildelt ei gåve frå Sparebankstiftinga på kr.35.000 til utbetring av taket på Båtbyggarmusèet. Dan Danielsen og Sverre Haugen var til stades under utdelinga.

Brev frå Norsk Kulturminnefond: Utdeling av midlar skal skje 9.april 2015. Så langt har me fått kr.75.000, men me må venta til etter at Kulturminnefondet har handsama søknaden med å setja i gang vøla på Båtbyggartaket.

Nytt kjøken: Kjøkegruppa jobbar med å innhenta prisar på nye kjøkenglas. Dei må få inn alle kostnadsoverslaga før me kan søkja om pengar til dette prosjektet. Dei foreslår å berekna nytt inventar til kjøkenet i det totale kostnadsoverslaget.

Skrivar : Marta Bergstø.